

Uskedal Utvikling

Møtereferat



Dato: 15.01.2014

Stad: Beinavikjo

Deltakarar: Jan Erik Olsson, Kristian Bringedal, Andreas Tarberg, Finn Guddal, Berit Harriet Døssland, Alf Hjønevåg

Referent: Hans Ordin Østebø

Styremøte Uskedal Utvikling

Sak 1/2014 – Årsmøtesaker

Årsmelding frå styre

Utkast til Årsmelding frå styre vart opplest. Det kom ikkje fram merknader til Årsmeldinga.

Status Handlingsplan

Status for punkta i handlingsplanen 2013 vart gjennomgått. Ingen merknader.

10'aren

Det er ikkje laga noko oppsett på dette. Det må lagast ei orientering om drifta av kafé 10'aren til Årsmøte. Ansvar: Kristian

Rekneskap

Rekneskapsførar gjekk gjennom rekneskapen for 2013. Ingen merknader. Reneskap vert overlevert revisor.

Handlingsplan 2014

Leiar hadde utarbeida eit framlegg til Handlingsplan 2014. Handlingsplanen vart gjennomgått. Ingen merknader.

Val

Desse er på val:

Leiar – (Kristian Bringedal) – 1 år

Styremedlem – (Jan Erik Olsson) – 2 år

Styremedlem – (Finn Guddal) – 1 år (Representant frå næringsdrivande)

1. Vara medlem – Andreas Tarberg – 1 år

2. Vara medlem – Ragnvald Myklebust – 1 år

3. Vara medlem – Henrik Lyse – 1 år

Revisor

Valnemnd

Årskontingent

Styrets innstiller til Årsmøte, er at årskontingent vert uendra. Kr. 250,- for alle typar medlemskap.

Sak 2/2014 – Luter

Det skal informerast på uskedal.no om at dei som ynskjer tilbakebetalt innskotet som var gjort i samband med skipinga av Uskedal Utvikling, må venda seg til leiar i Uskedal Utvikling for verifikasjon av innbetaling (luteige).

Det må utarbeidast eit skriv som vert lagt ut som nyhende på uskedal.no – Ansvar Kristian



Sak 3/2014 – Nettsida Heading

Det vart orientert om at logo på nettsida var blitt endra. Endringa var initiert av tidlegare aktiv deltagar i arbeidet med nettsida.

Leiar var kontakta om ei mellombels endring.

Tiltaket vert vidareført som ein del av ei fornying av nettsida.

Sak 4/2014 – Gamleskulen - Vask etter utleige

Det er ei gjentakande problemstilling at lokale ikkje vert tilfredstillande reingjort etter utleige.

Det var drøfta to ulike modellar på korleis dette kan betrast:

Alt. 1: Utarbeida fast instruks for utleige, der ei skjekkliste skal kvitterast ut og leverast inn med nøkkelen.

Alt. 2 Ha fast vaskehjelp, utfordring vedrørande betaling.

Styret valde å prøva ut alternativ 1. Instruks må utarbeidast. *Ansvar Hans Ordin og Jan Erik*

Sak 5/2014 – Referatsaker

Leiar deltok på møte 2. januar, der Uskedal Idrettslag sette ned arbeidsgruppa for arbeidet med grusbana.

Sak 6/2014 – Facebook side

Det er etablert ei Facebook side for Uskedalen.no. Det er sett fram ynskje om at denne vert nytta meir aktivt. Styret drøfta saka, men kan ikkje sjå at Uskedal utvikling har noko nemneverdig å henta på oppdatering av denne profilen. Det er ingen i redaksjonsgruppa som ynskjer å følgja opp Facebook sida. Uskedal Utvikling når ut til "kjerne målgruppa" på ein god måte med nettsida uskedal.no.

Konklusjon frå styret: Facebook sida vert ikkje aktivt oppfølgt av Uskedal Utvikling.

Orienteringssaker

1. Søknad om forlenga frist på ferdigstilling av anlegg i kjellar til Sparebankstiftinga er innvilga.
Ny frist 1. juli 2014.
2. Det er ein annonsør som ikkje har betalt sponsorstøtte. Annonse er nå fjerna.
3. Sak 35/2013 – 17.mai komite bankkonto:
Juridisk er dette stadfesta ok. 17. mai komiten er orientert.
17. mai komiteen må organisera skifte av bank.